

# KYRKJER I NYE BJØRNAFJORDEN KOMMUNE OG TUNET KYRKJE- OG KULTURSENTER



Hålandsdalen kyrkje

## OVERSIKT OG INVESTERINGSBEHOV I PERIODEN 2019-2028

# KYRKJER I «NYE BJØRNAFJORDEN KOMMUNE» OG TUNET KYRKJE- OG KULTURSENTER - OVERSIKT OG INVESTERINGSBEHOV I PERIODEN 2019-2028

## INNLEIING

Oversyn over dei ulike kyrkjene ligg som vedlegg. Oversynet syner viktige opplysningar om den einskilde kyrkje.

I det daglege er kyrkjene viktige for trosutøving (gudstenester av ulike slag), for ulike merkedagar hjå folk flest (dåp, konfirmasjon), men og som arena for kyrkjelege handlingar som brurevigslar og gravferd. Kyrkjene er dessutan svært viktige kulturminne i kommunen og lokalsamfunna.

Kombinasjon av dei ulike bruksområda gjer at kyrkjene har viktig plass og er ein viktig institusjon hjå dei fleste menneska i lokalsamfunna i nye Bjørnafjorden kommune.

Kyrkjene treng regelbunde vedlikehald. Det er og trong for å sjå på ytterlegare kyrkjeutviding etter som folketalet veks; den største veksten er venta i Os-krinsen som berre har 2 kyrkjer.

## TUNET kyrkje- og kultursenter er 2-delt:

**Kontorfløy;** kontorar, møterom, garderobe og pauserom + tekniske rom

**Kyrkje- og kultursenter;** 7 ulike forsamlingsrom i ulike storleiker, toalett, kjøken, korridorar/vrimleområder + tekniske rom

Os sokneråd står som eigar av heile bygningsmassen.

Det må avklårast nærare kva som skal overførast til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd og kva som skal vere i eige hjå Os sokneråd.

## INVESTERINGAR I PERIODEN 2019-2028

KYRKJE	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2 027	2028
Sundvor kyrkje	400									
Hålandsdal kyrkje			450							
Strandvik kyrkje					500					
Sævareid kapell							250			
Fusa kyrkje										450
Nore Neset kyrkje <sup>1</sup>				6500						
Os kyrkje <sup>2</sup>	4 000		4 000							600

<sup>1</sup> Nore Neset kyrkje har 200 sitteplassar og er ofte for liten for mange gravferder som gjerne samlar opptil 300-350 deltakarar. Med auka gravferd til Nore Neset kyrkjegard, vil trong for større seremonirom auke. NN kyrkje er lagt til rette for ei utviding med kyrkjelydsavdeling som kan utvide kyrkjerommet til 350 plassar. Investering til dette er lagt inn med 6,5 mill i 2022.

<sup>2</sup> Os kyrkje vert 150 år i 2020. Utvendig vedlikehald/oppgradering vert utført i 2018 og innvendig i 2019. Orgelet må fornyast eller utbetrast. Utbetring er grovkalkulert til 3 mill. Nytt pipeorgel vil ha ein kostand på 5-6 mill, medan eit digitalt orgel har ein kostnad på rundt 500-tusen.

Målararbeid utvendig har ein forventa levetid på 10 år; ny måling i 2028

## Strandvik kyrkje

Byggjeår/Vigsla: 1857

Sitjeplassar: Ca.460

Innvendig standard: Bra. Innvendig mala i 2014.

Spesielle behov: Nei, men trong for isolering over himlinga i kyrkjerommet. Vurdere varmpumpe.

Orgel: I svært god stand. Stor restaurering i 2017

Ytre behov: Sist mala utvendig i 2014. Behov for ny maling 2023. Vannbord må ha eit strok før.

Generelt inntrykk: Kyrkja er i bra stand.



Strandvik kyrkje, eit signalbygg i bygda.



Altarbilete: Jesus vert tatt ned frå krossen



## Fusa kyrkje

Byggjeår/Vigsla

1962

Sitjeplassar: Ca.350

Innvendig standard: Bra. Innvendig mala og rusta opp i 2012. Det er ein del fukt kring kyrkja. Ein må vere obs på fuktskadar. Siporex-isolasjon smuldrar opp på eit rom bak orgelet, og betongpuss løsner i delar av prestesakristi og gang ved sakristiet. Ein arbeider med dette.

Spesielle behov: Nei

Orgel: I svært god stand. Nytt orgel i 2007

Ytre behov: I 2018 vert det skifta tak på kyrkja. Sist mala 2000. Kyrkja vert mala att i 2018. Ein reknar at kyrkja treng malast neste gong i 2028.

Generelt inntrykk: Kyrkja er i bra stand, men må vere obs på fukt!



Fusa kyrkje



Altarbilete: Kvinna ved brønnen



## Hålandsdalen kyrkje

Byggjeår/Vigsla

1890

Sitjeplassar: Ca.250

Innvendig standard: Bra.

Spesielle behov: Nei. Der er to toalett i kyrkja. Vanntrykket er dårleg. Må nok gjerast noko på sikt, men det er eit større arbeid. Ein har manuell ringing i kyrkja.


Orgel: I god stand. Nytt orgel i byrjinga av 1990-talet

Ytre behov: Sist mala i 2013. Truleg behov for maling i 2021. Vannbord må malast før.

Generelt inntrykk: Kyrkja er i bra stand.



Hålandsdalen kyrkje



Altarbilete:

Jesus si  
oppstode



## Sævareid kapell

Byggjeår/Vigsla: 1956

Sitjeplassar: Ca.100

Innvendig standard: Bra

Orgel: I god stand. Elektronisk orgel frå 2006


Spesielle behov: Nei.

Ytre behov: Kapellet vart utvendig mala i 2016. Reknar med behov for maling att i 2025.

Generelt inntrykk: Kapellet er i bra stand.



Sævareid kapell



Ein enkel kross er altarbilete



## Sundvor kyrkje

Byggjeår/Vigsla 1927

Sitjeplassar: Ca.160

Innvendig standard: Bra. Kyrkja er innvendig mala i 2018.

Orgel: I bra stand. Orgelet er frå 1977



Spesielle behov: Nei

Ytre behov: Kyrkja vart mala i 2009. Behov for skifte av ein del kledning og maling i 2019

Generelt inntrykk: Kyrkja er i bra stand.



Sundvor kyrkje



Altartavla: Jesus med opne armar som seier: «Fred let eg dykk få, min fred gjev eg dykk». Joh.14,27.


# OS KYRKJE

Vigsla: september 1870

Sitteplassar: 500

Restaurert 1970.

Program for opprusting til 150-års jubileum  
2020





# NORE NESET KYRKJE

Vigsla: Desember 2000

Sitteplassar: 200

Lagt til rette for utviding; bør vurderast saman med utviding av gravplass som venteleg vert «hovudgravplass» i Os frå siste del av 2020-talet.



## TUNET kyrkje- og kultursenter

- Trinn I: Kyrkjetunet (forsamlingsrom) –  
1989 (Renovert/oppgradert 2017)  
Trinn II: Kontorfløy 1999/utvida 2013  
Trinn III: TUNET (Forsamlingsrom) 2017

TUNET: 6-7 forsamlingsrom med kapasitet  
frå 10-12 til 240 personar. Kjøken. AV-  
utstyr

